



Årsmelding og årsrekneskap 2017



Thomas Bipin Olsen og Kingsford Siayor i den Heddaprismnominerte forestillinga «Eg ringer mine brør» av Jonas Hassen Khemiri
Foto: Helge Skodvin

TEATERSJEFEN SI ÅRSMELDING

2017 var eit år med store omveltingar for Hordaland Teater. Etter mange års målretta arbeid fekk vi offisielt opna ei nyoppussa scene på Logen i Bergen sentrum og flytta drifta vår frå Stend. Teateret har fått ny kunstnarleg leiing etter ein periode utan teatersjef, og administrasjonen har flytta inn i nye lokale tett ved scena i Bergen. Etter ny teatersjef kom på plass i mai 2017 har teateret sitt hovudfokus vore å etablere ei scene som er tydeleg både i byen og i distriktet, og som held oppe eit kontinuerleg og variert tilbod til publikum.

Omsynet til å nå ut til heile Vestlandet og samstundes gjere seg gjeldande som eit nærliggande alternativ for dei som oppsøker scenekunsttilboden i Bergen har vore viktig å balansere. Dei mogelegeheter vi har fått med ny scene krev også at vi aukar aktiviteten vår. Hordaland Teater på Logen skal vere ein aktiv arena for kunst og samtale, også når vi er på turné med eigne produksjonar. Soleis er hausten 2017 prega av samarbeid og gjestespel som er kuraterte etter profil. Banda til Sogn og Fjordane Teater og Det Norske Teatret har og blitt styrka i 2017.

Etter ein vår med tre turnerande produksjonar, ein for born, ein for ungdom og ein for vaksne, markerte vi 29. september ny opning av teateret i lokala i Bergen med ny sjef på plass. I flytteprosessen etablerte vi ny sceneløysing, nytt amfi og ny foajé. Festopninga inkluderte viktige vestnorske stemmer både på forfattar- og utøversida og bar bod om eit vestnorsk fokus både på repertoar og ikkje minst med tanke på kunstnarlege krefter som skal knytast til teateret framover.

Trass fråvær av teatersjef i vårsesongen leverte teateret kunstnarleg sterke produksjonar. Vi hadde eit godt samarbeid med Den kulturelle skulesekken om framsyninga "Eg ringer mine brør" som også hausta ein Heddapris-nominasjon for beste framsyning for unge. 2561 ungdomsskulelevar frå heile fylket fekk ei tankevekkjande oppleving i debuterande regissør Stian Isaksen si oppsetjing.

Ljudmil Nikolovs "Skomakarens draum" trefte og mange av dei yngste publikummarane våre gjennom allereie etablerte nettverk ut til barnehagar i fylket.

Vaksensatsinga for denne sesongen var "Stones in his Pockets" av Marie Jones. Ein irsk svart komedie med to sterke skodespelarar på scena. Også denne produksjonen turnerte i Hordaland men møtte diverre avgrensa interesse frå publikum, både i regionen og på scena i Bergen.

Erfaringar og publikumstal frå vårsesongen syner at vi treng å etablere oss som ein tydeleg aktør for publikum til framsyningar i ope sal. Dette ser vi som ei viktig utfordring for teateret framover. Særleg mangfold i tilbod som kan stimulere til at publikum søker teateret fleire gongar i løpet av ein sesong vart vekta frå hausten av. Dessutan tilsette vi salsleiar i full stilling frå og med september.

Grunna flytting og sein tiltreding av ny teatersjef kom haustsesongen noko seint i gong. Til gjengjeld fekk vi eit nytt scenerom som gjorde at vi kunne ta imot gjestespel og samarbeidsproduksjonar med større fleksibilitet og forbetra tilhøve både for publikum og utøvarar. Som stadfesting av ei styrka utvekslingsavtale med Sogn og Fjordane Teater tok vi med glede i mot "Fugletribunalet" av Agnes Ravatn som opning av haustsesongen. Dette var eit naturleg uttrykk for våre tette band til søsterteateret vårt i nabofylket, samstundes som det understrekar HoT si vilje til å løfte fram dei vestnorske forfattarane.

Parallelt med opninga av haustsesongen etablerte vi eit profesjonelt mottaksapparat for våre gjestar. I vårt møte med publikum legg vi vinn på ei uformell atmosfære som legg til rette for ei annleis og fornyande scenekunstoppleving. Fleksibilitet i format og amfiløysing hjelper oss godt på veg med dette. Ei ledig atmosfære der scenerommet er ope sameleis. Med eit scenekunsthus med berre ei fast scene som i utgangspunktet har stor publikumskapasitet, har det vore viktig for oss at vi likevel kan jobbe med variasjon i format. Dei nære og publikumsinvolverande forteljingane skal også ha ein plass på vårt repertoar.

Eit satsingsområde som utpeika seg i publikumsundersøkinga frå 2016 var det unge vaksne publikummet. I forlenging av det, og med fokus på å bygge ein tydeleg profil som går over fleire år, knyta vi til oss Statsteatret som ein fast samarbeidspartner i heile gjeldande åremål. Deira estetikk korresponderer svært godt med vårt ønske om å etablere eit inkluderande og uformelt hus der publikum kjenner seg heime.

I samarbeid med Dramatikkens hus presenterte vi "Belle Gunnes" av Miriam Prestøy Lie. Denne svært intime framsyninga fekk plass på bakscena og la difor til rette at vi kunne tilby to ulike titlar på same kveldar. Både "1950- Spionen" med Statsteatret og "Belle Gunnes" genererte gode samtalar med publikum, både i HoT sin regi og meir uformelt i huset vårt. Erfaringane våre med desse produksjonane peikar på at fleire unge vaksne søker scenekunstopplevingar som har ein inviterande og involverande relasjon til publikum.

Samstundes som vi inviterte folk inn til gjestespel og samproduksjonar turnerte vi i Hordaland og Sogn og Fjordane med "Skomakarens Draum". Vi fortsette vårt arbeid for born med urpremiere "Juleønske" med Ljudmil Nikolov og Oda Alisøy. I denne produksjonen arbeidde vi med ei fornying av samspelet mellom forteljing, animasjon og figurar. Soleis leverte teateret to urpremierar for born i 2017.

Hovudsatsinga for hausten var "Evig Ung" i ein klar vestnorsk versjon. Vi tok tak i forteljinga om Hordaland Teater og Logen i ein musikalsk komedie som trakk mange menneske inn i salen i novembermørket. Om dagen spelte vi Juleønske for borna og fekk med det auka vår muskel og kapasitet i tråd med ønske om utvida tilbod for publikum og fylle huset med aktivitet. Til saman har vi tilbudd publikum åtte ulike produksjonar i teateråret 2017. Fire av dei har turnert, ein var gjestespel og to var samproduksjonar.

Utover dette har vi samprodusert to konserter av teatral karakter. Den eine "Samuline" av og med Sigrid Moldestad og den andre "Finn Erix julebasar". Begge med klar vestnorsk profil.

Ved sida av å fokusere på eit auka tilbod har vi arbeid med å etablere fleire samtalearenaer i vår regi. Vi har lagt til rette for forfattarintervju med Agnes Ravatn og publikumsmøte etter framsyningar under den nye fana vår; scenesnakk. Vi ser formidling som eit viktig satsingsområde og kjem til å utvikle dette vidare.

Året 2017 var som sagt eit år med store omveltingar for Hordaland Teater. Vi trur dei har vore av det gode og at vi no har god fart inn i etableringa av ei tydeleg vestnorsk scene for det nynorske språket.

Teatersjef
Solrun Toft Iversen

Årsrapport for 2017

Årsberetning

Årsrekneskap

- Resultatrekneskap
- Balanse
- Noter

Revisjonsberetning

Hordaland Teater LL

Resultatrekneskap

	Note	2017	2016
Driftsresultat			
Salsinntekt	16	21 593 417	22 652 440
Anna driftsinntekt		29 866	353 416
Sum driftsinntekter		<u>21 623 283</u>	<u>23 005 856</u>
Driftsresultat			
Prosjekt- og varekostnad	4	2 608 769	3 192 151
Lønnskostnad	3	12 282 714	12 742 438
Avskriving	5, 6	1 128 126	1 029 747
Annan driftskostnad	3, 16	<u>4 740 505</u>	<u>4 816 154</u>
Sum driftskostnadar		<u>20 760 114</u>	<u>21 780 490</u>
Driftsresultat		<u>863 169</u>	<u>1 225 366</u>
Finansinntekter og finanskostnadar			
Anna finansinntekt		58 770	62 853
Annan finanskostnad		26	136
Netto finans		<u>58 744</u>	<u>62 717</u>
Ordinært resultat før skattekostnad		<u>921 913</u>	<u>1 288 083</u>
Årsresultat		<u>921 913</u>	<u>1 288 083</u>
Overføringer og disponeringar			
Overføring til/frå annan eigenkapital	14	<u>921 913</u>	<u>1 288 083</u>

Hordaland Teater LL

Balanse pr. 31. desember


	Note	2017	2016
Anleggsmidlar			
<i>Immaterielle egedelar</i>			
Goodwill	5	566 000	1 133 000
Sum immaterielle egedelar		<u>566 000</u>	<u>1 133 000</u>
<i>Varige driftsmiddel</i>			
Tomter, bygninger og annan fast egedom	6	9 444 888	1 193 213
Driftslausøyre, inventar, kontormaskinar og liknande	6	1 612 232	1 788 713
Sum varige driftsmiddel		<u>11 057 120</u>	<u>2 981 926</u>
<i>Finansielle anleggsmidlar</i>			
Investeringar i aksjar og partar	7	25 000	25 000
Sum finansielle anleggsmiddel		<u>25 000</u>	<u>25 000</u>
Sum anleggsmiddel		<u>11 648 120</u>	<u>4 139 926</u>
Omløpsmidlar			
<i>Krav</i>			
Kundekrav	16	157 454	2 540 671
Andre krav	12	223 630	489 096
Sum krav		<u>381 084</u>	<u>3 029 767</u>
<i>Investeringar</i>			
Marknadsbaserte aksjar	7	23 265	23 265
Sum investeringar		<u>23 265</u>	<u>23 265</u>
Bankinnskott, kontantar og liknande	2	3 275 487	4 763 375
Sum omløpsmidlar		<u>3 679 836</u>	<u>7 816 407</u>
Sum egedelar		<u>15 327 956</u>	<u>11 956 333</u>



Hordaland Teater LL


Balanse pr. 31. desember

	Note	2017	2016
Eigenkapital			
<i>Innskoten eigenkapital</i>			
Aksjekapital	14, 15	100 000	100 000
Sum innskoten eigenkapital		<u>100 000</u>	<u>100 000</u>
<i>Opptent eigenkapital</i>			
Annan eigenkapital	14	4 012 674	3 090 760
Sum oppent eigenkapital		<u>4 012 674</u>	<u>3 090 760</u>
Sum eigenkapital		<u>4 112 674</u>	<u>3 190 760</u>
Gjeld			
<i>Avsetjingar for plikter</i>			
Pensjonsplikter	3	117 397	38 661
Andre avsetjingar for plikter	11	7 155 197	3 690 117
Sum avsetjingar til plikter		<u>7 272 594</u>	<u>3 728 778</u>
<i>Anna langsiktig gjeld</i>			
Øvrig langsiktig gjeld		<u>660 000</u>	<u>1 320 000</u>
Sum anna langsiktig gjeld		<u>660 000</u>	<u>1 320 000</u>
<i>Kortsiktig gjeld</i>			
Leverandørgjeld		527 766	875 734
Skyldige offentlege avgifter	2	873 016	1 031 982
Anna kortsiktig gjeld	13	1 881 906	1 809 079
Sum kortsiktig gjeld		<u>3 282 688</u>	<u>3 716 795</u>
Sum gjeld		<u>11 215 282</u>	<u>8 765 573</u>
Sum eigenkapital og gjeld		<u>15 327 956</u>	<u>11 956 333</u>


 Pål Wergeland Lorentzen
 Styreleiar

 Alexander Fosse Andersen
 Styremedlem

 Solrun Toft Iversen
 Teatersjef / dagleg leiar

31. desember 2017
 Bergen, 20. februar 2018

 Ragnhild Stolt-Nielsen
 Nestleiar

 Natalie Golis
 Styremedlem


 Vivian Midtsveen
 Styremedlem

 Sofrid Glesnes
 Styremedlem

Noter til rekneskapen for 2017

Note 1 - Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslovens avgjelder og god rekneskapsskikk for små føretak.

Salsinntekter

Tenester vert inntektsført i takt med utføringa. Den del av salsinntekter som knyter seg til framtidige ytingar balanseførast som uopptent inntekt ved salet, og vert deretter inntektsført i takt med levering av ytingane. Driftstilskot resultatføres samstundes med inntekta det skal auke eller kostnaden det skal redusere. Tilskot er inntektsført brutto under driftsinntekt i resultatrekneskapen. Motteke investeringstilskot til ombygging av leide lokalar er førd brutto som langsiktig gjeld i balansen. Tilskotta vil inntektsførast i same takt som driftsmidla vert avskrivne.

Klassifisering og vurdering av balansepostar

Omløpsmiddel og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfall til betaling innan eitt år etter balansedagen, og dessutan postar som knyter seg til varekretsløpet. Øvrige postar er klassifisert som anleggsmiddel/langsiktig gjeld.

Omløpsmiddel vert vurdert til lågaste av innkjøpskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld balanseføre sitt til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Anleggsmiddel vert vurdert til innkjøpskost, men vert nedskriven til verkeleg verdi ved verdifall som ikkje er forventa å vera forbigåande. Anleggsmiddel med avgrensa økonomisk levetid avskrivast planmessig.

Langsiktig gjeld balanseføre sitt til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppført i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap.

Kortsiktige plasseringar

Kortsiktige plasseringar (aksjar og delar vurdert som omløpsmiddel) verta til vurdert lågaste av innkjøpskost og verkeleg verdi på balansedagen. Motteke utbytte og andre utdelingar frå selskapa vert inntektsført som anna finansinntekt.

Varige driftsmiddel

Varige driftsmiddel balanseføre sitt og avskrivast over den forventa økonomiske levetida til driftsmiddelet. Direkte vedlikehald av driftsmiddel vert kostnadsført løypande under driftskostnadene, medan påkostnadene eller forbeteringar vert tillagt kostprisen til driftsmiddelet og avskrivast i takt med driftsmiddelet. Om gjenvinnbart beløp av driftsmiddelet er lågare enn balanseført verdi vert nedskriving til gjenvinnbart beløp. Gjenvinnbart beløp er det høgaste av netto salsverdi og verdi i bruk. Verdi i bruk er noverdien av dei framtidige kontantstraumane som eigedelen vil generere.

Immaterielle eigneluter

Goodwill er differansen mellom innkjøpskost ved kjøp av ei verksemd og verkeleg verdi av eigneluter som kan identifiserast og gjeld i verksemda. Goodwill vurderast etter vurderingsregelen for anleggsmiddel.

Pensjonar

Lutlagets pensjonsordning gir rett til definerte framtidige ytingar (tilskottsplan). Disse er i hovudsak avhengig av tal oppteningsår, lønnsnivå ved oppnådd pensjonsalder og storleiken på ytingane frå folketrygda. Pliktane er dekt gjennom eit forsikringsselskap. Årets pensjonspremie resultatføres løypande iht. god regnskapsskikk for små føretak. Tenestepensjonsordninga gir rett til definerte framtidige ytingar (tilskottsplan). Desse er i hovudsak avhengig av tal oppteningsår, lønnsnivå ved oppnådd pensjonsalder og størrelsen på ytingane frå folketrygda. Pliktane er dekt gjennom et forsikringsselskap.

Hordaland Teater LL

Noter til rekneskapen for 2017

Skattar

Teateret er ikkje skattepliktig for si ideelle verksemd.

Bruk av estimatar

Leiinga har brukt estimatar og føresetnader som har påverka resultatrekneskapen og verdsetting av eigneluter og gjeld, og dessutan usikre eigneluter og forpliktingar på balansedagen under utarbeiding av årsrekneskapen i samsvar med god rekneskapsskikk.

Note 2 - Bankinnskott

	2017
Bundne skattetrekksmidlar utgjer	555 483

Note 3 - Lønnskostnadar, tal tilsette, lån til tilsette og godtgjersle til revisor

Lønnskostnadar	2017	2016
Lønningar	9 791 061	9 800 567
Arbeidsgivaravgift	1 518 492	1 557 721
Pensjonskostnadar	789 395	1 122 899
Andre ytingar	183 767	261 254
Sum	<u>12 282 715</u>	<u>12 742 441</u>
Gjennomsnittleg tal årsverk	16,5	17,5

Det er utbetalt kr 285 779 i venteløn til tidlegare teatersjef. Det er gjort avsetjing for påløpen venteløn tidlegare år. Noverande teatersjef tiltredde i mai 2017 og har opptent 1,1 månads venteløn per 31.12.2017. Det er gjort avsetning for kr 91 993 i rekneskapen per 31.12.2017 (inklusiv arbeidsgjevaravgift). Venteløn vert utbetalt i etterlønsperioden på fastsette vilkår.

Ytingar til leiande personar

	Løn	Pensjonsutgifter	Andre godtgjersler
Teatersjef	503 172	6 756	3 248
Merkantil leiár	872 361	12 785	11 769

Selskapet er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon. Selskapets pensjonsordningar tilfredsstiller krava i denne lova.

Selskapet har pensjonsordningar som omfattar i alt 35 personar. Årets pensjonspremie resultatføres løypande iht. god regnskapsskikk for små føretak. Det er kostnadsført kr 800.714 i pensjonspremie i 2017, tilsvarande for 2016 var kr 1.171.845. Ordningane gir rett til definerte framtidige ytingar (tilskottsplan). Desse er i hovudsak avhengig av tal oppteningsår, lønnsnivå ved oppnådd pensjonsalder og størrelsen på ytingane frå folketrygda. Forpliktelsene er dekket gjenom et forsikringsselskap.

Lutlaget har pensjonsforpliktingar knytt til AFP-ordning. Denne ordninga omfattar 11 tilsette i alderen 18 til 61 år. I samsvar med god rekneskapsskikk for små føretak (NRS 8) er har lutlaget valt å ikkje balanseføre pensjonsforpliktingane til AFP-ordninga. Årets pensjonskostnad motsvarar årets pensjonspremie.

Hordaland Teater LL

Noter til rekneskapen for 2017

I 2016 inngjekk selskapet ny pensjonsavtale med dei tilsette. Pensjonsavtala var tidlegare ei tenestepensjonsordning på same vilkår som offentleg tenestepensjon (Ytingsplan). Den nye tenestepensjonsordninga består i å yta bidrag av nærmere angjeven storleik til den einskilde sin pensjon (tilskottsplan). Årets pensjonskostnad (2017) motsvarar årets pensjonspremie og utgjer kr 800 714.

Ved overgang til ny tenestepensjonsordning er det regnskapsført kostnadar til driftspensjon (usikra) som skal sikra tilsette over 60 år (to tilsette) same rettar som den tidlegare pensjonsordninga gav. Ytingane vil periodiserast over gjenverande opptenningstid. Det er avsett kr 117 397 i langsiktig pliktar for å dekka kostnaden. Årets pensjonskostnad utgjer kr 78 736. Forventa pliktar ved utløp av tenestetid (2023) er estimert til kr 510 063.

<i>Godtgjersle til revisor er fordelt på følgande tenester:</i>	2017	2016
Revisjon	46 662	43 750
Andre tenester	22 187	10 063
Sum	68 849	53 813

Meirverdiavgift er inkludert i revisjonshonoraret.

Note 4 - Prosjektkostnad

	2017	2016
Léige transport og anna utstyr	235 306	50 717
Scenografi, kostyme, rekvisita	273 791	353 312
Teknisk utstyr	74 821	87 817
Marknadsføring og turnekostnad	1 476 036	1 404 286
Kunstnarlege/tekniske honorar	509 383	912 150
Anna prosjektkostnad	<u>39 432</u>	<u>383 871</u>
	<u>2 608 769</u>	<u>3 192 153</u>

Note 5 - Immaterielle eidegar

	Goodwill
Anskaffingskost pr 01.01.2017	1 700 000
Anskaffingskostkost 31.12.2017	1 700 000
Akk.avskrivingar 31.12.2017	-1 134 000
Balanseført verdi pr.31.12.2017	566 000
Årets avskrivingar	567 000
Avskrivningsplan	Lineær 3 år

Hordaland Teater LL

Noter til rekneskapen for 2017

Note 6 - Varige driftsmiddel

	Anlegg under utføring	Sceneutstyr	Transportmidler	Driftslausøyre, inventar, verktøy mm.	Sum
Anskaffingskost 01.01.	1 193 213	706 611	575 000	2 467 499	4 942 323
Tilgang kjøpte driftsmidler	8 275 932	0	0	360 387	8 636 319
Anskaffingskostkost 31.12.	9 469 145	706 611	575 000	2 827 886	13 578 642
Akk.avskriving 31.12.	-24 258	-636 235	-205 123	-1 655 907	-2 521 523
Balanseført pr. 31.12.	9 444 887	70 376	369 877	1 171 979	11 057 119
Årets avskrivinger	24 258	45 048	82 140	409 680	561 126
Økonomisk levetid	20 år	5 år	7 år	3-5 år	
Avskrivningsplan	Lineær	Lineær	Lineær	Lineær	

Note 7 – Investering i lutar

Selskap	Anskaff.kost	Bokført verdi
Kultur Vest AS	25 000	25 000
DnB	23 265	23 265
Sum	48 265	48 265

Hordaland Teater LL eit 396 lutar i DnB Nor ASA. Lutane er vurdert til lågaste verdi av kostpris og verkeleg verdi per 31.12. Lutane vart tildelt teateret då Gjensidige Forsikring vart omdanna til lutlag.

I 2010 blei det investert kr 25 000 i en lute i Kultur Vest AS. Luten er vurdert til kostpris.

Note 8 - Anna driftskostnad

Anna driftskostnad, spesifikasjon	2017	2016
Reiseutgifter	322 757	349 310
EDB kostnader	38 396	34 928
Møbler	47 518	10 420
Driftsmateriale	61 291	46 618
Kontorrekvisita	22 052	23 133
Aviser og tidsskrift	19 866	26 627
Internett, media	28 830	12 102
Porto	1 486	124
Kontingenter	199 481	172 873
Gåver og blomar	2 519	3 172
Møteutgifter, styret	0	6 800
Reklamekostnadar	185 162	245 576
Representasjon	10 176	3 324
Kostnader lokala	2 706 579	2 377 026
Honorar, juridisk	7 188	845 048
Andre honorarar	414 713	415 001
Bilkostnadar	84 758	73 368
Anna driftskostnad	587 733	170 704
 Sum	 4 740 505	 4 816 154

Hordaland Teater LL

Noter til rekneskapen for 2017

Note 9 - Skatt

Teateret er ikke skattepliktig for sin ideelle verksemد.

Note 10 – Leigeavtalar

Selskapet leiger følgande lokalar:

Anne Gullestad salen, Hordnesvegen 24, Stend	Leigetid: Ubegrensa
Arna Industrihus (lagerlokalar), Arna	Leigetid: Oktober 2018
Teatergaten 35 (kontor), Bergen	Leigetid: Juli 2020
Logen, Bergen	Leigetid: Juli 2038

	2017	2016
Leiekostnad, lokalar	2 232 392	1 890 747

Logen står for den største leiekostnaden med årleg leige på kr 1 735 000. Lokala i Teatergaten 35 i Bergen inneber ein årleg kostnad på kr 420 000. Auken i leiekostnad i 2017 skuldast innflytting i nye lokalar i Logen og Teatergaten 35 i Bergen.

Note 11 - Avsetning for pliktar

Driftstilskott omfattar periodisert tilskott frå stat og fylke og vert resultatført samstundes med inntekta det skal auke eller kostnaden det skal redusere. Tilskot er inntektsført brutto under driftsinntekt i resultatrekneskapen. Motteke investeringstilskot til ombygging av leigde lokalar er ført brutto som langsiktig gjeld i balansen. Tilskotta vil bli inntektsført i same takt som driftsmidla vert avskrivne.

Tekst	2017	2016
Periodisert tilskott frå stat og fylke	7 155 197	3 690 117

Note 12 - Andre krav

	2017	2016
Framtidige framsyningskostnadar og forskottsbetalte inntekter	0	311 730
Andre periodiseringar	223 630	177 366
Sum	223 630	489 096

Framtidige framsyningskostnadar og forskottsbetalte inntekter er presentert netto, sjå også note 13.

Note 13 - Anna kortsiktig gjeld

	2017	2016
Framtidige framsyningskostnadar og forskottsbetalte inntekter	541 247	0
Påløpt løn	169 909	263 271
Påløpt ferieløn	1 056 861	1 097 276
Anna påløpt kostnad	113 889	448 532
Sum	1 881 906	1 809 079

Hordaland Teater LL

Noter til rekneskapen for 2017

Framtidige framsyningskostnadar og forskottsbetalte inntekter er presentert netto, sjå også note 12.

Note 14 - Eigenkapital

	Ordinære lutar	Annan eigenkapital	Sum
Eigenkapital 31.12.	100 000	3 090 760	3 190 760
Eigenkapital 01.01.	100 000	3 090 760	3 190 760
Årsresultat	0	921 913	921 913
Eigenkapital 31.12.	100 000	4 012 673	4 112 674

Note 15 - Aksjekapital og aksjonærinformasjon

Aksjekapitalen består av:

Ordinære lutar	Tal	Pålydande	Balanseført
	400	250 kr	100 000

Oversikt over luteigarane i selskapet pr. 31.12:

	Ordinære aksjar	Eigar- del	Stemme- del
Hordaland Fylkeskommune	240	60 %	60 %
Vestlandske Teatersenter	80	20 %	20 %
Hordaland Ungdomslag	20	5 %	5 %
Hordaland Folkeakademi	20	5 %	5 %
Hordaland Mållag	20	5 %	5 %
Voksenopplæringsforbundet	20	5 %	5 %
Sum	400	100 %	100 %

Note 16 - Tilskot

	2017	2016
Staten	13 080 880	12 554 333
Hordaland Fylkeskommune	5 607 040	5 249 667
Sum tilskot	18 687 920	17 804 000

STYRET SI ÅRSMELDING FOR 2017

Ein nynorskscene i Vestlandets hovudstad

Hordaland Teater har dei siste åra arbeid medvite med å flytte hovudscena si frå Stend i Fana til sentrum av Bergen. Målet har vore å etablere ei nynorsk scene midt i det som er Bergen si kulturakse. Samstundes skal teateret vere ein institusjon som femner heile Hordaland, og som gir eit tilbod både i bygd og by. Styret har arbeid med ein ny strategi for teateret som vart vedtatt hausten 2017. I den er det slått fast at,

- Teateret skal innta ein synleg posisjon i Bergen og Norge
- Teateret skal bygge eit lojalt publikum som kjenner seg heime i vårt teaterhus
- Vestnorske forfattarar skal ha ein særleg plass på Hordaland Teater si scene
- Hordaland teater vil framleis turnere og ha eit tilbod til barn/unge
- Hordaland Teater skal få ein meir inkluderande og formidlande profil som ikkje berre vender seg til publikum med sjølve teaterframsyninga - men og med fleire nye tilbod som supplerer repertoaret
- Hordaland Teater skal bli ein attraktiv stad å arbeide på

Styret har vidare fokusert på nokre strategiske hovudgrep for å nå desse ambisjonane,

- Logen må settast i stand til å vere eit fullverdig teaterhus
- Publikum skal oppleve at vi har eit tilbod gjennom heile året
- Det skal vere ei nynorsk urpremiere kvart år
- Co-produksjonar med andre teaterinstitusjonar er viktig for å kunne ha eit kontinuerleg tilbod
- På same måte må ein satse på samarbeid med andre nynorskteatera på Vestlandet og Det Norske Teatret for ei effektiv ressursutnytting.
- Ein må betre økonomien for teateret for å kunne nå ambisjonane

I 2017 har ein lagt om repertoaret noko for å fange opp dei nye ambisjonane for teateret. 156 framsyningar har vore vist på fast scene og turne i Hordaland. Samstundes har vi vist 12 framsyningar av vårt eige utvikla stykke for barn, *Skomakarens Draum* i Sogn og Fjordane og eit stykke for vaksne, *Samiline* under Førdefestivalen. Ambisjonen om å fylle huset dagleg vart og oppfylt med fleire gjestespel og samproduksjonar, mellom anna med Statsteateret som vi har samarbeid med på *1950 – Spionen*, og *Fugletribunalet* som kom i gjestespel frå Sogn og Fjordane teater. Totalt var det 14.668 publikummarar på Hordaland teater sine framsyningar i 2017.

Ombygginga av Logen i gang

Hausten 2017 stengte vi teateret i sju veker for å bygge om dei publikumsretta delane av foajé og teaterbar. Samstundes vart det investert i nytt amfi og den gamle høge scenen i hovudsalen var riven slik at vi no kan spele på flatt golv i heile teatersalongen. Fleksibiliteten har med det auka for ulike kunstnarlege grep.

Gjennom heile 2017 har ein jobba fram ein rammesøknad for nytt sidebygg som skal innehalde ei scene 2, kunstnargarderobar, verkstader og kontor. Denne vart sendt inn ved årskiftet og er forventa handsama av Bergen Kommune i løpet av første halvår 2018. På grunnlag av dei positive erfaringane med å flytte til sentrum, og med utsiktar til å få eit

tenleg bygg, valde styret å gå inn i ein 20 års avtale med huseigar Den Gode Hensigt frå og med sommaren 2018.

Organisasjon og medarbeidarar

Solrun Toft Iversen starta opp sitt arbeid som ny teatersjef frå og med mai 2017. Teateret har vidare tilsett ein person i nyoppretta stilling som salsleiar, og ein person i nyoppretta stilling som lysteknikar. Dette har vore ein del av planen for å gjere teateret meir i stand til å halde eit ope teaterhus. Det er no 12 fast tilsette ved teateret. I tillegg har ein gjennom året hatt inne 4 årsverk kunstnarlege tilsette på stykkpriskontraktar og ca. 1 årsverk med teknisk personell.

Styret og teatersjef vurderer arbeidsmiljøet ved teateret som godt. Totalt var det 181 fråværsdagar i 2017. Det totale sjukefråværet gjekk ned frå 10,6% i 2016 til 7,8% i 2017. Ser ein bort frå langtidsjukefråvær meir enn 8 veker, er sjukefråværet 2,4%, ein liten oppgang frå 1,4% året før. Det er ikkje meldt skader i løpet av året som har ført til fråvær eller som trong behandling. Styret har fokus på at det skal vere eit godt arbeidsmiljø ved teateret. Styret er medviten om at ombygginga av Logen i Bergen sentrum, og arbeidet med å utvikle Hordaland Teater i samsvar med eigarane sitt ønskje gjer det naudsynt med stort fokus på leiing, organisasjon og helse, miljø og tryggleik framover.

Teateret praktiserer jamstilling mellom kjønna når det gjeld leiande stillingar. Teateret si leiargruppe består av fire kvinner og to menn. Styret er samansett av tre kvinner og tre menn.

Styret takkar dei tilsette, både dei faste og dei på engasjement, for innsatsen i 2017. Styret takkar vidare alle samarbeidspartnarar som Hordaland Teater har hatt i 2017 og ser fram til vidare utfordrande og engasjerande samarbeid i åra som kjem.

Økonomi

Hordaland Teater hadde ein del mindre publikum i 2017, 14.668 (23.742) fordelt på 174 (156) framsyningar. 2017 skil seg ut med to store produksjonar med vid appell. Teateret har stort fokus på publikumsbygging og har ambisjonar om ei auke i publikumstalet, innanfor dei fysiske grensene vi per i dag har med ein teatersalong. Ombygginga av amfiet har ført med seg ca. 80 færre sitteplassar. Dette merker ein særleg på gode teaterkveldar som torsdag til laurdag. Det har samstundes vore eit medvite val, fordi vi ville gjere opplevelinga betre for publikum. Alle skal sjå og høre godt på våre framsyningar.

Etter søknad til Kulturdepartementet og Hordaland Fylkeskommune har teateret fått ei opptrapping av midlar dei seinare åra. I 2017 fekk ein og ei omfram løying på kr 1.000.000 i samband med revidert nasjonalbudsjett. Totale tilskott i 2017 er kr. 22 153 000. Styret i Hordaland Teater har vedteke å trekka dei auka tildelingane til Logenprosjektet ut av resultatrekneskapen og balanseført midlane som langsiktig gjeld i balansen (3 465 080 i 2017). Resten av tilskottet på kr. 18 687 920 er inntektsført i resultatrekneskapen. Inkludert eigne inntekter frå framsyningar, samt utleigeinntekter, vart driftsinntektene i 2017 kr. 21 623 283 (23 005 856). Kostnadssida vart redusert frå føregåande år til kr. 20 760 114 (21 780 490).

Det er totalt investert kr 8 636 319 i 2017. Hovudsakeleg er dette investeringar som er gjort under ombygging av publikumsareal og teatersal, samt kostnadar til å utarbeide rammesøknad for nybygget.

Selskapet si frie likviditetsbeholdning utgjer kr 2 720 004 pr. 31.12.2017. Styret har ei forløpende vurdering av likviditeten og det er tilstrekkelege midlar til å dekka pliktar ved forfall.

Inklusive finansinntekter enda teateret opp med eit overskott på kr. 921 913.

Styret meiner årsrekneskapen gjev et rettmessig bilet av teateret sine eignelutar og gjeld, finansielle situasjon og resultat. Styret tek det økonomiske resultatet for 2017 til etterretning. Styret rår til at overskotet vert nytta til å styrke eigenkapitalen som då aukar frå kr. 3 190 060 til kr. 4 112 674. I samsvar med Rekneskapslova § 3-3 vert det stadfesta at vilkåret om framleis drift er lagt til grunn ved utarbeidinga av rekneskapen.

Miljø

Teateret legg vinn på å ikkje forureine det ytre miljøet i all si framferd.

BERGEN, DEN 31.12.17/20.02.18

STYRET FOR HORDALAND TEATER LL

PÅL W. LORENTZEN
STYRELEIAR

NATALIA GOLIS
STYREMEDLEM

ALEXANDER FOSSE ANDERSEN
STYREMEDLEM

RAGNHILD STOLT-NIELSEN
NESTLEIAR

VIVIAN MIDTSVEEN
STYREMEDLEM

SOLFRID GLESNES
STYREMEDLEM

SOLRUN TOFT IVERSEN
TEATERSJEF/DAGLEG LEIAR

Forum Revisjon AS

Medlem av Den norske Revisorforeningen

Til generalforsamlinga i Hordaland Teater LL

Melding frå uavhengig revisor

Uttale om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert Hordaland Teater LL sin årsrekneskap som viser eit overskot på NOK 921 913. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2017, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoен og noter til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår mening er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilet av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2017, og av resultata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta **Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen**. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Sentrale tilhøve ved revisjonen

Sentrale tilhøve ved revisjonen er dei tilhøva vi meiner var av størst betydning ved revisjonen av årsrekneskapen for 2017. Desse tilhøva blei handtert då revisjonen vart utførd og då vi danna oss ei mening om årsrekneskapen totalt sett. Vi konkluderer ikkje særskilt på desse tilhøva.

Ytterlegare informasjon

Leiinga er òg ansvarleg for ytterlegare informasjon i årsrapporten som vert publisert saman med årsrekneskapen, årsmeldinga, utgreilingane om føretaksstyring og samfunnsansvar og revisjonsmeldinga.

Våre fråsegner om revisjonen av årsrekneskapen og om andre lovmessige krav dekkjer ikkje slik ytterlegare informasjon, og vi atesterer denne informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og rekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at slik informasjon inneheld vesentleg feilinformasjon, ville vi rapportert om det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og

forskrifter, derunder for at han gir eit rettvisande bilet i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som ho finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilskita.

Ved utarbeidninga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller som ikkje er tilskita, og å gi ei revisjonsmelding som gir uttrykk for meinings vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisionsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilskita. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisionsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoane for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilskita. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekkja, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilskita, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, feil presentasjonar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeidar vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meinig om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er føremålstenlege, og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.
- konkluderer vi, basert på innhenta revisjonsbevis, på om leiinga sin bruk av fortsett driftføresetnaden i årsrekneskapen er formålstenleg og om det er vesentleg uvisse knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betydning om selskapet si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg uvisse, må vi i revisjonsmeldinga gjere merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifiserer konklusjonen vår om årsrekneskapen og årsmeldinga. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta inntil datoен for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at selskapet ikkje held fram med drifta.

Forum Revisjon AS

Medlem av Den norske Revisorforeningen

- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvisande bilet.

Vi kommuniserer med styret mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og nå revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som vi har avdekka i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betydning i den interne kontrollen.

Vi gir styret ei melding om at vi har etterlevd relevante etiske krav til uavhengighet, og om at vi har kommunisert og vil kommunisere med dei alle relasjonar og andre tilhøve som innanfor rimelege grenser kan tenkast å kunne påverke uavhengigheten vår, og, der det er relevant, om tilhøyrande åtgjerder.

Av de sakene vi har kommunisert med styret, tar vi standpunkt til kva for saker som var av størst betydning for revisjonen av årsrekneskapen for den aktuelle perioden, og som derfor er sentrale tilhøve ved revisjonen. Vi omtaler desse sakene i revisjonsmeldinga om ikkje lov eller forskrift hindrar at saka vert gjort offentleg, 5 Dette avsnittet av den skuggelagde teksten treng berre vere med når revisjonsmeldinga gjeld eit notert selskap, jf. ISA 700 punkt 39(b). 6 Eller dersom vi, i ekstremt sjeldne tilfelle, avgjer at ei sak ikkje skal omtalast i revisjonsmeldinga sidan ein må rekne med at dei negative følgjene av ei slik offentleggjering innanfor rimeleg grenser oppveg allmenta si interesse av at saka vert omtala.

Uttale om andre lovmessige krav

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysingane i årsmeldinga og i uttgreiingane om føretaksstyring og samfunnsansvar om årsrekneskapen samt føresetnaden om at drifta skal halde fram, er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Bergen, 20.02.2018

Forum Revisjon AS

Eirik Hordvik
statsautorisert revisor

REPERTOAR 2017

SKOMAKARENS DRAUM

Av og med Ljudmil Nikolov

I skomakarens draum møter vi ein skomakar som skal til å reparere den aller siste skoen før han avsluttar arbeidsdagen. Det er ein ballettsko han skal i gang med. Brått er ikkje skoen berre ein sko lenger. Ei ballerina trer fram, og etter kvart dukkar fleire sko opp. Også dei blir til ulike figurar; ein gatemusikar, ein sirkusdirektør og andre som arbeider på sirkuset. Det oppstår spenning når sirkusdirektøren ønskjer å få ballerinaen til å opptre ved hans sirkus. Ho vil nemleg aller helst danse når gatemusikaren spelar.

Med denne framsyninga traff vi born frå dei aller minste og opp i skulealder. Klassisk figurteaterkunst fasinerte store og små og presenterte ei tilgjengeleg framsyning som ikkje var avgrensa av verbalt språk. Difor var det også gledeleg at vi fekk vitje Ungarn med denne produksjonen.

Kunstnarleg rådgjevar:

Ivar Tindberg

Scenografi, dokkemakar & dokkeregj:

Ljudmil Nikolov

Dokkemakar (Ballerina)/Teater Stara Zagora, Bulgaria

Zhivko Kanev

Enkelte musikkutdrag:

Jostein Stalheim

Urpremiere 11.februar 2017 på Logen

Framsyningar i 2017: 54 (16 framsyningar for DKS Bergen)

Tilskodarar: 3192

Turne i Hordaland vår og haust i samarbeid med Folkeakademiet, og turne i samarbeid med Sogn og Fjordane Teater i oktober

2 framsyningar i Ungarn mars 2017

Målgruppe: frå 3 år

På grunn av oppussing i Logen hausten 2017 fekk teateret låne VilVite som spelelass for 4 DKS-framsyningar og 1 laurdagsframsyning. Vi spelte også nokre DKS-framsyningar i bydelane Arna og Fana.

EG RINGER MINE BRØR

Av Jonas Hassen Khemiri

(originaltittel: «Jag ringer mina bröder»)

Omsetjing Maria Tryti Vennerød,

«Eg ringer mine brør» er den hylla svenske dramatikaren og forfattaren Jonas Hassen Hemiris eige teaterstykke basert på ein kronikk han hadde på trykk i Dagens Nyheter etter bombingane i Stockholm i 2010. Etter bombeangrepa opplevde svenske innvandrarar for første gong korleis det var å bli mistenkte for å vere terroristar berre på bakgrunn av korleis dei såg ut. Folk var redde for dei. For kva er normal oppførsel? Kven er ein potensiell gjerningsmann? I 24 intense timer er vi inne i hovudpersonen Amor sitt hovud, der grensene mellom forbrytar og offer, kjærleik og kjemi, fantasi og verkelegheit blir stadig meir utviska.

Debuterande regissør, Stian Isaksen laga ei framsyning som i Bård Lie Thorbjørnsen sin scenografi utfordra både hjarte, auga og intellekt. I eit scenisk språk som var konfronterande og engasjerande fekk over 2000 ungdomskuleelevar oppleve ein paranoid tilstand som reflekterte vår tids framandfrykt.

Regissør:

Stian Isaksen

Scenograf:

Bård Lie Thorbjørnsen

Dramaturg:

Solrun Toft Iversen

Lysdesign:

Silje Grimstad

Lyd og videoteknikk:

Brynjar Vik

Medverkande:

Madalena Sousa Helly-Hansen
Thomas Bipin Olsen
Iselin Shumba
Kingsford Siayor

Columbine teaterforlag

Premiere 23 februar 2017 i Anne Gullestad-salen, Stend

Framsyningar på Stend, Logen og på turne i Hordaland (8 framsyningar for DKS Bergen
15 framsyningar for DKS Hordaland)

Eg ringer mine brør vart nominert til Heddaprisen for beste framsyning for unge.

Framsyningar : 32

Tilskodarar: 2561

Målgruppe: Ungdom

STONES IN HIS POCKETS

Av Marie Jones

Med få kostymeskift og enkle rekvisittar, berre ved hjelp av kroppsspråk og ulike vestlandske og nord-norske dialektar, portretterte Anders Dale og Svein Harry Hauge 18 ulike personane i denne forteljinga om eit avsidesliggende bygd som får vitjing av ein stor filmproduksjon. Stones in his pocket har blitt ein moderne klassikar og den irske ramma i stykket korresponderer særskilt godt med det vestnorske lynnnet og landskapet. Produksjonen synte imponerande skodespelarkunst og vendte seg både til ungdom og vaksne. Diverre vart publikumstalet på denne produksjonen ein del lavare enn berekna. Vi skulle gjerne nådd enno fleire med denne fine forteljinga.

Omsetjing: Øyvind Berg

Regi: Anders Dale

Scenografi/kostymedesign: Svein Harry Hauge

Dramaturg: Carl Jørn Johansen

Lyddesign: Anders Brunvær Hauge

Lysdesign: Marte Stormo

Riverdanceutdrag: Sharon Scott

Medverkande: Svein Harry Hauge

Anders Dale

Premiere 29.april 2017 på Logen

Framsyningar på Logen:16

Tilskodarar: 647

3 framsyningar på turne i Hordaland og 1 framsyning i Haugesund

Tilskodarar: 194

Målgruppe: Ungdom/vaksne

FUGLETRIBUNALET

Av Agnes Ravatn

Gjestespel frå Sogn og Fjordane Teater.

I Fugletribunalet møter vi Allis. Hendingar i livet hennar har gjort henne sky og sjølvstraffande. Ho er på flukt frå sitt eige liv. I ein avsides vestlandsfjord finn ho eit nytt tilvære med den mystiske Sigurd Bagge. Akkurat som ho ber Bagge også på ei hending han sonar. Som Bagge si hushjelp deler ho hans heim og eit taust fellesskap. Etter kvart som tida går, vert to ting meir og meir påtrengande. Det eine er at Bagge skjuler ein stor løyndom. Det andre er at dragninga mot han set djupare og djupare spor i henne.

Fugletribunalet er ei thrillerprega og lada forteljing om skuld og soning med ei klar forankring i den vestnorske geografien. Med ei dramatisering av Agnes Ravatn sin roman markerte dette gjestespelaet frå vårt nabofylker ikkje berre vår nære relasjon til Sogn og Fjordane Teater men også Hordaland Teater si framtidige satsing på dei vestnorske stemmene.

Dramatisert av:

Ingrid Weme Nilsen

Bearbeiing/regi:

Trond Lie

Dramaturg:

Solrun Toft Iversen

Scenografi/kostyme:

Kari Gravkleiv

Lysdesign:

Krystian Myska

Medverkande:

Anne E. Kokkinn, Kyrre Eikås Ottersen

Anne Guri Tvedt, Atle Hoff,

Stephanie Mowinckel

Teaterforlaget Songbird AS

Speleperiode: 3 – 7 oktober 2017 i Logen

Framsyningar: 6

Tilskodarar: 683

Målgruppe: Ungdom/Vaksne

EVIG UNG

Av Erik Gedeon

I ”Evig Ung på Logen” gjorde vi eit kosteleg tankeeksperiment: Kva no om vi - ein gong i framtida – møtte kasserte og avdanka skodespelarar på eit lukka teater? Kva no om både dei og scenekunsten hadde blitt erklært overflødig for samfunnet elles? Kva no hvis desse ein gong så strålande, vitale kunstnarane blei plasserte i eit passiviserande omsorgssystem som ikkje såg kva som budde i dei, men tvert imot behandla dei nedlatande som om dei var brysomme born? Kva ville skje på ein slik gamleheim?

Med kjente songar frå omverd og regionen, anekdotar og referansar til tidlegare bragdar, syntet denne framsyninga både eit blikk tilbake i tid, ei energisk livsglede her og no, og eit varsko for framtida om vi ikkje tek vare på det vi forvaltar.

Regi:	Hilde Sol Erdal
Scenografi:	Åse Hegrenes
Dramaturg:	Solrun Toft Iversen
Maske:	Helene Andersson
Medverkande:	Oda Alisøy Katrine Dale Harald Dahlstrøm Lars Jacobsen Elisabeth Moberg Sigurd Sele Claus Sellevoll

4 framsyningar i Logen som gjestespel frå Sogn og Fjordane Teater februar 2017

Tilskodarar: 479

Ny Hordalandsversjon i eigen produksjon:

Framsyningar: 19

Tilskodarar: 3535

Målgruppe: Vaksne

1950 SPIONEN

Av Yngve Sundvor og Statsteatret

Statsteatret har gjennom ei årrekke tatt på seg den store oppgåva å skildre Noregshistoria i sitt leikne og særprega teaterspråk. Sidan hausten 2017 har denne gruppa no si faste scene i Bergen på Logen. Samarbeidet mellom Hordaland Teater og Statsteatret opna med ”1950 – Spionen” som tar føre seg CIA, KGB, kald krig, kommunisme og Arbeiderpartiet sin angst. Alt servert på ei seng av reklame for sigarettar, alkohol og dei nyaste kvitevarene frå den tida.

Regissør:	Yngve Sundvor
Dramaturg:	Morten Kjerstad
Medverkande:	Karoline Krüger Gard Eidsvold Per Kjerstad Kim Sørensen

Framsyninga hadde urpremiere 3. april 2017 på Rogaland Teater. Samarbeidsproduksjon mellom Statsteatret, Rogaland Teater, Teatret Vårt, Oslo Nye Teater og Hordaland Teater

8 framsyningar på Logen oktober 2017

Tilskodarar i Bergen: 688 Målgruppe: Vaksne
Tilskodarar elles i landet : 3745

JULEØNSKE

Manus og regi: Solrun Toft Iversen
Med Oda Alisøy og Ljudmil Nikolov

Aurora og Stella er bestevener. Saman plar dei danse med snøkrystallane som dalar ned på isen på deira hemmelege stad i skogen. Men så skjer det noko som riv draumen til Aurora og Stella ned. Dei to jentene vert nøydde til å spørje seg sjølv: Kan ein danse i hjarta til nokon som ikkje er der? Kva kan ein gje når det største ønsket ikkje kan oppfyllast?

Kan ein vere bestevener sjølv om ein ikkje er i lag og kan ein ha ei god jul, utan alle ein er glad i?

Med Juleønske presenterte Hordaland Teater ein ny førjulstradisjon på Logen. Her inviterte vi barn inn til ei forteljing om vennskap og lojalitet, og om krafta i å ynskje kvarandre alt godt. Framsyninga undersøkte ei form der forteljarteater møtte projiserte animasjonar og figurar. Som avslutning på teateropplevelinga fekk borna sjølve lage ønskekrystallar og pynte juletreet i salen vår.

Urpremiere på Logen 4 desember 2017

Framsyningar: 17 på Logen i førjulstida

Tilskodarar: 483

Målgruppe: Frå 3 år

FESTOPNING

Saman med gode vene feira vi at Hordaland Teater har fått eit hus der det vestnorske og nynorske skal danne utgangspunkt for gode forteljingar og teateropplevingar.
Den 29. september stod kjente og kjære vestlendingar på scenen i Logen: Helge Jordal, Karoline Krüger, Claus Sellevoll, Elisabeth Moberg, Linda Eide, Ragnhild Gudbrandsen og Irene Waage.
Kveldens vertskap var Finn Tokvam og teatersjef Solrun Toft Iversen

FORMIDLINGSAKTIVITET:

10. Mai, Sund Folkeakademi, Foredrag, Solrun Toft Iversen

Tilskodarar : 56

4.oktober: Scenesnakk: Teatersjef, regissør og medverkande.

Produksjon Fugletribunalet

Tilskodarar: 60

5 oktober: Rom for ord, førprat: Med Forfattar Agnes Ravatn og teatersjef Sogn og Fjordane Teater
Bodil Kvamme

Produksjon: Fugletribunalet

Tilskodarar: 54

20 oktober: Scenesnakk: Med skodespelarar frå Statsteatret og teatersjef Solrun Toft Iversen

Produksjon: Spionen

Tilskodarar: 29

6. Desember Solrun Toft Iversen, foredrag i Forfattarsentrum.

Tilskodarar : 50

SAMARBEID

SAMULINE – FRÅ FELA FLYG DIN SONG

Ti år etter **Sigrid Moldestad** sin suksess med TAUS og historia om Samuline Seljeseth og spelekvinne som spelte fele mot menn og øvrigheita sin vilje, fekk oppfølgjaren premiere under Førdefestivalen: *Samuline - frå fela flyg din song*.

Arrangør: Førdefestivalen

Tilskodarar 620

Hordaland Teater bidro med øvingslokale og kostymeansvarleg.

FINN-ERIX BASARKONSERT

Finn-Erix kom attende til Logen. Suksessen frå tidlegare år har vore formidabel og gitt populærorkesteret oppdrag innanfor både jazz- og oljesektoren. Finn-Erix tok med seg husorkester, gjestar og årer, og flytte inn att på staselege og nyoppussa Logen og skjenkte Bergen nok ein musikalsk julebasar.

Medverkande:
Finn Tokvam, song og rytmeegg
Odd-Erik Lothe, stoveorgel m/rytmeboks
Halvor Folgerø, fagott

3 framsyningar i Logen 13-15 desember.

Tilskodarar: 988

BELLE GUNNES

Historia om den norske utvandarkvinna Belle Gunnes, som blei kjent som ein av tidenes verste seriemordarar, er både veldokumentert og gåtefull. Meir enn hundre år etter at den sjokkerte ei heil verd, står fortsett mange spørsmål utan svar. Teateret presenterte dette mobile drama om «kjærleik, giftmord og vaflar». Ei historisk forteljing i «true crime»-sjangeren.

Tekst og regi var ved Miriam Prestøy Lie.

Medverkande: Idun Vik, Marit Østbye, Petter Winther, Miriam Prestøy Lie.

Visninga på Hordaland Teater blei til med verkstadstøtte frå Dramatikkens Hus.

Framsyninga: 4
Tilskodarar: 78

STATISTIKK 2017

VÅR 2017

FRAMSYNINGAR TILSKODARAR		
SKOMAKARENS DRAUM	54	3192
EG RINGER MINE BRØR	32	2561
STONES IN HIS POCKETS	20	841
EVIG UNG	4	479 (gjestespel)
SUM VÅR	110	7073

HAUST 2017

FUGLETRIBUNALET	6	683 (gjestespel)
EVIG UNG	19	3535
1950 SPIONEN	8	688 (samarbeid)
JULEØNSKE	17	483
BELLE GUNNES	4	78 (samarbeid)
FINN ERIX BASARKONSERT	3	988 (samarbeid)
SAMULINE	1	620 (Førdefestivalen)
FESTFRAMSYNING	1	274
FORMIDLINGSAKTIVITET	5	246
SUM HAUST	64	7595

SUM VÅR **110** **7073**

SUM HAUST **59** **7595**

SUM TOTALT 2017: **174** **14668**

PERSONALET

FAST TILSETTE/ ÅRSENGASJEMENT:

Terje Lyngstad	teatersjef til 31. desember 2017
Solrun Toft Iversen	teatersjef fra 2. mai 2018
Atle Marøen	direktør/fungerande dagleg leiar august 2017- mai 2018
Irene Smørødal	sals- og informasjonsleiar, frå 1.09.2017 informasjonsleiar
Evy Fischer	salsleiar (frå 1. september 2017)
Solfrid Glesnes	produksjonsleiar/inspiserent (permisjon 1.7.2016 – 14.6.2017)
Vilde Østerbøe Gustavsen	produksjonsleiar/inspiserent (vikar frå 1.8.2016 – 30.6.2017)
Fabian den Otter	teknisk leiar
Linbjørg Sæterdal	kontorsekretær
Ljudmil Nikolov	figur-/skodespelar
Britt Koldal	systove
Kristian Børve	lydteknikar
Cristiano Mira Lopes	scenearbeidar
Torben Persen Jolma	lysteknikar (frå 14. august 2017)
Jon Eirik Sira	scenearbeidar/lysteknikar (engasjement frå 1.8.2017)

PROSJEKT:

SKODESPELARAR:

Madalena Sousa Helly-Hansen
Thomas Bipin Olsen
Iselin Shumba
Kingsford Siayor
Anders Dale
Svein Harry Hauge
Oda Alisøy
Katrine Dale
Elisabeth Moberg
Sigurd Sele
Lars Jacobsen
Helge Jordal
Finn Tokvam
Claus Sellevoll
Karoline Krüger
Gard Eidsvold
Per Kjerstad
Sigrid Moldestad (Samuline)

TEATERINSTRUKTØRAR:

Anders Dale
Stian Isaksen
Hilde Sol Erdal
Yngve Sundvor (1950-Spionen)

KUNSTNARLEG RÅDGJEVAR

Ivar Tindberg

SCENOGRAFAR/KOSTYME/DOKKER:

Bård Lie ThorbjørnSEN
Britt Koldal
Ljudmil Nikolov
Zhivko Kanev
Åse Hegrenes
Helene Andersson
Ingrid Catarina Stasi Skjold

INSPISIENTAR:

Dag Ove Sunde
Britt Koldal

FORFATTARAR:

Agnes Ravatn
Jonas Hassen Khemiri
Yngve Sundvor
Solrun Toft Iversen
Erik Gedeon

DRAMATURGAR:

Carl Jørn Johansen
Solrun Toft Iversen
Morten Kjerstad (1950-Spionen)

OMSETJING

Øyvind Berg

MUSIKKARRANGEMENT:

Kristian Børve
Jostein Stalheim

MUSIKRAR:

Harald Dahlstrøm
Finn Tokvam
Halvor Folgerø
Odd-Erik Lothe

LYSDESIGN:

Fabian den Otter
Martin Flack
Marte Stormo
Silje Grimstad

LYDDESIGN:

Mathias Grønsdal Johannessen
Anders Brunvær Hauge

LYD OG VIDEOTEKNIKK:

Brynjar Vik

PRODUKSJONSTEKNISK PERSONELL:

Vilde Østerbøe Gustavsen
Mathias Grønsdal Johannessen
Martin Flack
Kristian Børve
Per Øyvind Skjærvold Johansen
Fabian den Otter
Linda Børnes
Tina Engedal
Britt Koldal
Jon Eirik Sira
Cristiano Lopes
Ivan Nøstdal Takle
Linbjørg Sæterdal

STYRET

Styret i Hordaland Teater har i 2017 hatt 6 styremøte. Til saman har 54 saker vore til handsaming. Generalforsamlinga vart halden 25. april 2017 i Logen, Øvre Ole Bulls Plass 6.

Styresamansetjing etter omfram Generalforsamling 2016:

Pål W. Lorentzen	Styreleiar	Representant Hordaland Fylkeskommune
Ragnhild Stolt-Nielsen	Styremedlem	Representant Hordaland Fylkeskommune
Alexander Fosse Andersen	Styremedlem	Representant Hordaland Fylkeskommune
Natalia Golis	Styremedlem	Representant Hordaland Fylkeskommune
Vivian Midtsveen	Styremedlem	Representant andre eigarar
Fabian den Otter	Styremedlem	Representant tilsette
Astrid Aarhus Byrknes	Vara	Representant Hordaland Fylkeskommune
Geir Kjell Andersland	Vara	Representant Hordaland Fylkeskommune
Frøydis Flotve	Vara	Representant andre eigarar
Britt Koldal	Vara	Representant tilsette

Styresamansetjing etter Generalforsamling 2017:

Pål W. Lorentzen	Styreleiar	Representant Hordaland Fylkeskommune
Ragnhild Stolt-Nielsen	Styremedl./nestleiar*)	Representant Hordaland Fylkeskommune
Alexander Fosse Andersen	Styremedlem	Representant Hordaland Fylkeskommune
Natalia Golis	Styremedlem	Representant Hordaland Fylkeskommune
Vivian Midtsveen	Styremedlem	Representant andre eigarar
Fabian den Otter	Styremedlem	Representant tilsette
Astrid Aarhus Byrknes	Vara	Representant Hordaland Fylkeskommune
Geir Kjell Andersland	Vara	Representant Hordaland Fylkeskommune
Frøydis Flotve	Vara	Representant andre eigarar
Solfrid Glesnes	Vara	Representant tilsette

*)Ragnhild Stolt-Nielsen vart utpeika til nestleiar i styremøte 05/17, 19.9.2017

Teatersjefen har møtt på styremøta. Sekretær for styret er direktøren.

EIGARTILHØVE:

Hordaland Fylkeskommune	240 luter
Vestlandske Teatersenter	80 luter
Folkeakademiet Hordaland	20 luter
Hordaland Ungdomslag	20 luter
Hordaland Mållag	20 luter
Voksenopplæringsforbundet	20 luter